



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato
13.12.2018
Dykkar dato
22.11.2018

Vår referanse
2018/14881 421.3
Dykkar referanse

Statens Vegvesen, Region Vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Førehandsuttale til søknad om dispensasjon frå rekkefølgjekrav i reguleringsplan for Rv. 565 Tolleshaug – Soltveit i Radøy kommune.

Vi viser til e-post sendt 23.11.2018 med førespurnad om førehandsuttale. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå rekkefølgjekrav til gang- og sykkelveg i reguleringsplan for Rv. 565 Tolleshaug - Soltvedt.

Vi legg til grunn at Vegvesenet vurderer at trafikksikkerheita vert godt nok ivaretatt. Vi meiner at det må gjerast ei grundig vurdering av om endringane sikrar barn og unges interesser i saka og kva endringane vil ha å seie for risiko og sårbarheitsanalysen i reguleringsplanen.

Vi meiner det må vere gode avbøtande tiltak for å kunne dispenserast i denne saka. Det kjem ikkje klart fram i søknaden kva konkrete avbøtande tiltak som er tenkt gjennomført.

Fylkesmannen vil ta stilling til saka når vi eventuelt får den på høyring frå kommunen.

Med helsing

Egil Hauge
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Radøy kommune Radøyvegen 1690 5936 Manger